



NSG
Norsk sau og Geit

Referat

Møte nr 2/2008 i Avlsrådet for sau

Tid: 16.juni 2008 kl 12 til 17.juni 2008 kl 14:30
Stad: Garder kurs- og konferansesenter
Deltakarar: Bjørn Høyland, leiar
Eirik Larsen, region Nord
Kent Berg, region Midt
Audun Nedrebø, region Vest
Pål Kjørstad, region Øst
John Olav Husabø, Nortura
Rolf A. Aass, KLF (ikkje sak 17, 18, 19 og 20)
Gunnar Klemetsdal, IHA/UMB (Ikkje sak 17, 18, 19 og 20)
Thor Blichfeldt, avlssjef i NSG

Observatørar: Inger-Johanne Holme
Sigbjørn Eikje
Frank Simensen
Terje Bakken
Turid Sundt

Referent: Turid Sundt

Saksførebuing: Thor Blichfeldt

Saklista

Sak 17/08 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 18/08 Referat frå møtet i Avlsrådet 1.-2.april 2008
Sak 19/08 Fotråde
Sak 20/08 Smittevern i avlsbuskapane
Sak 21/08 "Kjøttfulle, fettfattige lam"
Sak 22/08 Krav til kvaliteten på innsettet av prøveverar
Sak 23/08 Revidert avlsplan for Spæl
Sak 24/08 "Morsevne vår" og dei andre indekseigenskapane
Sak 25/08 Vektleggjing av delindeksane i O-indeksen
Sak 26/08 Orienteringssaker
Sak 27/08 Eventuelt

Sak 17/2008 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bjørn Høyland ynskte velkommen, og då spesielt til John Olav Husabø som er Nortura sin nye representant i Avlsrådet.

Vedtak:

Innkalling og saklista vart godkjent utan merknad.

Sak 18/2008 Referat frå møte i Avlsrådet 1.-2. april 2008

Pål Kjørstad gjorde merksam på at Terje Bakken var vararepresentant for han i sak 4, 8, 9, 10 og 11/2008.

Vedtak:

Referatet vart godkjent.

Sak 19/2008 Fotråde

Synnøve Vatn frå Helsetenesta for sau orienterte om status for fotråten i Noreg.

- Pr 11. juni d.å. var det påvist fotråde i 5 buskarar fordelt på 3 fylker.
- Kartleggjinga over sjukdommen er ikkje komen skikkeleg i gang enno, så det er umogleg å seie noko om kor mykje den forårsakande bakterien er utbreidd i landet.
- Det er viktig for heile sauenæringa å ikkje opprette nye smittekontaktar.
- Viktig å merke oss at infiserte dyr ikkje alltid vil halte og at ein ikkje i alle tilfeller vil ha synlege forandringar i klauv heller. Dette forvanskar oppdaging av sjukdomen.
- Fotbad med sinksulfat/koparsulfat skal ikkje nyttast som førebyggjande tiltak. Dette skal iverksetjast berre som eit ledd i ei sanering eller etter avtale med veterinær.

Vedtak:

- *Informasjon om fotråten vart teke til orientering.*
- *I ein ring/ringavdeling med påvist fotråde vert desse tiltaka gjennomført hausten 2008:*
 - *Buskapen som har fått påvist fotråde kan ikkje delta i ringarbeidet.*
 - *Resten av ringen/avdelinga driv vidare under forutsetning av at*
 - *alle buskapane er grundig undersøkt (alle dyr har fått inspisert klauvene) før paringssesongen og det ikkje føreligg mistanke om fotråde*
 - *Mattilsynet har oppheva eventuelle restriksjonar*
 - *Verar som har vore oppstalla i ein buskap med fotråde kan nyttas i oppstillingsbuskapa, men ikkje i resten av avlsgruppa*
 - *Ringene/avdelinga kan hausten 2008 selge granska verar under føresetnad av at*
 - *salsveren ikkje har vore oppstalla etter paringssesongen i ein buskap som har fått påvist fotråde, og*

- *alle oppstallingsbuskapane og dei aktuelle salsverane er grundig undersøkt (alle dyr har fått inspisert klauene) og er utanfor mistanke, og eventuelle restriksjonar pålagd av Mattilsynet er oppheva.*
 - *Medlemene i ringen/avdelinga som ikkje har fått påvist fotråte kan selge kåra verlam hausten 2008 under føresetnad av at buskapane er grundig undersøkt (alle dyr har fått inspisert klauene) før salet, og eventuelle restriksjonar er oppheva.*
- *Kåringssjå hausten 2008*
 - *Med bakgrunn i den uavklarte situasjonen vert det ikkje gjennomført kåringssjå i regi av NSG i Rogaland i år.*
 - *Andre stader der det er påvist fotråte vert det ikkje halde kåringssjå i det området der buskapen med påvist fotråte soknar til.*
 - *I områder der det ikkje vert halde kåringssjå vert kåringa gjennomført som gardskåring.*
- *Avlsleiinga utarbeider eit forslag til Mattilsynet med tiltak i avlssystemet hausten 2008*
- *Avlsrådet ynskjer ei kartleggjing av fotråte i Noreg der ein startar med buskapane i avlssystemet i 2008 og 2009. Dei ynskjer eit samarbeid med Mattilsynet som bør stille med kompetanse, medan ringane vil stille med mannskap og utstyr.*

Sak 20/2008 Smittevern i avlsbuskapane

Synnøve Vatn orienterte om rapporten "Helseplan sau".

- *Sauedrifta i Noreg særmerker seg ved at der er meir eller mindre kontakt mellom buskarar på fellesbeite, vereringane og verholdslaga, og på kåringane*
- *Næringa må ta ansvar for helse og smittevern på eigne dyr!*
- *Helsetenesta for småfe ynskjer at næringa innfører eigenerklæringar for helse på dyra som kjem til kåring, og for dei dyra ein sel ut av buskapane.*

Etter orienteringen vart det grundig debatt om smittevern i avlssystemet med grunnlag i forslag i "Helseplan sau" og tiltak foreslått av avlssjefen.

Vedtak:

- *Informasjon om rapporten "Helseplan Sau" vart teke til orientering.*
- *Konkrete tiltak skal inn i "Regler for væreringer" og "Kåringsreglar". Tiltak som skal gjelde frå hausten 2008 vert utarbeida til neste møte i Avlsrådet som skal vere 1.juli.*

Sak 21/08 "Kjøttfulle, fettfattige lam"

Viser til sak 3/08 og tilhøyrande vedtak.

Saka vart teke opp att då det i ettertid har kome innspel om at den nord-norske genvarianten bør utnyttast i eige farlinje innan avlsopplegget på NKS. På den andre sida er det og kome innspel på at ein bør iverksetje ytterligare tiltak for å kvitte seg med genvarianten innan NKS raskast mogleg.

Etter forrige møte i Avlsrådet har det vorte gjort genetisk funn innan den norske spælen som tyder på en liknande delesjon i myostatingenet som her og fører til kjøttfulle og feittfattige slakt.

Vedtak:

- *Vedtaka om utnytting av den nord-norske genvarianten i sak 3/2008 vert oppretthaldne (mot Eirik Larsen si stemme).*
- *Eventuelle ytterligare tiltak vert førebels ikkje satt i verk.*
- *Avlsrådet vil oppfordre Nortura til å handtere nord-norge varianten på same måte i sitt avlsopplegg på Nor-X (mot Eirik Larsen si stemme)*
- *Funn av liknande genvariant i myostatingenet innan spæl vil verte handtert på same måte som nord-norge varianten hjå NKS.*

Sak 22/08 Krav til kvaliteten på innsettet av prøveverer

I sak 9/2008 gjorde ein vedtak om minstekrav til O-indeks ved innsett av prøveverer som kvalifiserer til granskingstilskott. Kravet skulle strammast inn med eit poeng i året framover. Ei innstramming av kravet til O-indeks ved innsett på eit poeng i året får i praksis små konsekvenser, og avlsjefen la fram forslag om 5 poengs innstramming frå hausten 2008 til hausten 2009

Vedtak:

For å forbetre innsettet av prøveverar vert det satt dette minstekravet til prøveveren sin eigen O-indeks:

<i>Prøvever</i>	<i>NKS</i>	<i>Spæl</i>	<i>Sjeviot</i>
<i>Hausten 08</i>	<i>120</i>	<i>115</i>	<i>110</i>
<i>Hausten 09</i>	<i>125</i>	<i>120</i>	<i>115</i>

Kravet må vere oppfylt ved minst ei av de to siste indeksskøytingane om hausten, H3 og H4.

Sak 23/08 Revidert avlsplan for spæl

Arbeidsgruppa som vart oppnemnt av styret i NSG har no avslutta arbeidet med revidert avlsplan for Spæl. Denne vart lagt fram for Avlsrådet.

Arbeidsgruppa foreslår at tidlegare vedtak om farga spæl i granskingsarbeidet vert oppretthalde, og at farga verar ikkje skal ha rett til granskingstilskott.

Pål Kjørstad fremma fylgjande alternative forslag på dette punktet:

"Farga verar får krav på granskingstilskot så lenge dei held dei andre krava til kvalitet fastsett av Avlsrådet". Dette forslaget fall med 3 stemmer for (Kjørstad, Berg og Nedrebø) og 5 stemmer mot (Larsen, Husabø, Aass, Klemetsdal og Høyland)

Vedtak:

- *Avlsrådet tek rapporten om revidert avlsplan for norsk Spæl til etterretning, og ber administrasjonen arbeide for å realisere elementa i planen i samsvar med planen sitt kapittel 10.*
- *Avlsrådet påpeikar at det er viktig at spælmiljøet samlar seg om det føreslegne avlsmålet, og at avlstiltaka vert gjennomført som vedteke. Dette gjeld spesielt vektlegging av O-indeksen ved utval av avlsdyr, best mogleg eliteparingar og bruk av semin.*
- *Avlsplanen vert oversendt styret i NSG for godkjenning.*
- *Avlsrådet ber styret i NSG ta stilling til Kari Tellefsen sin merknad side 2 i rapporten om manglande høyring i organisasjonen.*

Sak 24/08 "Morsevne vår" og dei andre indekseigenskapane

Vårvektene vert no teke med i avlsarbeidet og i denne samanhengen er det vorte utrekna nye genetiske parametrar (arvegrader og genetiske korrelasjonar mellom eigenskapane).

Ein fann då at nokre av arvegradene er lågare enn forventta. Dette gjeld blant anna mor sin påverknad på lammet si vårvekt, haustvekt og slaktevekt. Grunnen til desse låge arvegradene er at miljøpåverknaden i form av kraftfortilskot, plukkslakting og ulik sluttføring er stor. Det vart diskutert ulike former for eigenregistrering frå saueigar for å få inn meir informasjon om behandlinga av søyer og lam for å kunne korrigere for noko av miljøpåverknaden.

Vedtak:

- *Vårvektene må vere registrert i intervallet 16-70 dagar gamle.*
- *Dei framlagte verdiane for nye genetisk parametrar for direkte og maternal effekt av eigenskapane vårvekt, haustvekt, slaktevekt, slakteklasse og feittgruppe vert nytta for alle rasar ved indeksutrekningane i 2008.*
- *Det vert publisert delindeksar for eigenskapane lammetal, morsevne –vår, morsevne –slakt, slaktevekt, slakteklasse og feittgruppe.*
- *Arbeidet med å finne betre modellar og meir korrekte genetiske verdiar vert gjennomført som planlagt.*

Sak 25 Vektleggjing av delindeksane i O-indeksen

Avlsavdelinga hadde ikkje fått tid til å sjå på korleis endra vektleggjing av delindeksane vil slå ut på endringar i O-indeks for enkelt dyr, og på seleksjonsdifferansen for seminverane.

Følgjande sett med vektleggjingar vert nytta hausten 2008 under føresetnad av at endringane ikkje slår ut på ein måte som ikkje var tiltenkt.

Egenskap	NKS		Spæl		Sjeviot		Pelssau	
	2007	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2008
Slaktevekt	17 %	20 %	17 %	20 %	17 %		18 %	
Kjøttklasse	27 %	20 %	29 %	30 %	27 %		28 %	
Fettgruppe	9 %	9 %	4 %	5 %	9 %		4 %	
Morevne - vår		8 %		15 %				
Morevne - slakt		25 %		25 %				
Morevne (høst)	27 %		27 %		27 %		26 %	
Lammetall	20 %	18 %	23 %	5 %	20 %		24 %	
Sum	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %		100 %	

Pål Kjørstad fremja forslag om at delindeksen lammetall skal vektleggjast med 15 % hjå NKS. Forslaget fall mot Pål Kjørstad si stemme.

Vedtak:

- *Vektleggjinga av delindeksane på NKS vert gjennomført i samsvar med forslaget som vart utarbeida på forrige møte*
- *Vektleggjinga av delindeksane på spælsau vert gjennomført i samsvar med arbeidsgruppa sitt forslag.*
- *Vektleggjinga av delindeksane for sjeviot og pelssau vert gjort i samarbeid med respektive miljø*
- *Avlsavdelinga reknar ut seleksjonsdifferansar på grunnlag av
 - Gamle genetiske parametrar og vektleggjingar
 - Nye genetiske parametrar og gamal vektleggjing
 - Nye genetiske parametrar og ny vektleggjing av delindeksane.*

På grunnlag av desse resultatane vil Avlsrådet ta stilling til endeleg vektleggjing av dei ulike eigenskapane på telefonmøtet 1.juli.

Sak 26/08 Orienteringssaker

Forskningsprosjekt om daudfødte lam ved NVH

NVH har no søkt om å få eit KMB (forskarstyrt prosjekt) omhandlande daudfødte/spelamtap ved Forskningsrådet sin søknadsomgang i juni.

Samarbeidspartnarar er Animalia, UMB og NSG.

NSG har lovt å bidra med 200.000 kr til prosjektet (fordelt over 3-4 år), og det utløyser då 800.000 i støtte frå Forskningsrådet om søknaden vert godkjent.

Det vil bli tatt ut materiale for genanalyse. Analysen vil bli gjennomført av Cigene ved UMB. Analyseverktøyet som skal brukast blir utvikla i prosjektet OvineHapMap.

Flåttbårne sjukdomar

Det ser ut til at sjukdomar som vert overført med flått vert eit større og større problem. Frå vestlandet vert det meldt om lammedød i storleik som eit rovdyrutsatt område.

Veterinærinstituttet vil forbetre det diagnostiske apparatet mht sjukdomar som kan verte overført med flått. Det er NSG svært positive til.

NSG, ved avlsavdelinga vil bidra i eit pilotprosjekt i 2009 for å kartleggje omfanget av flåttbårne sjukdomar.

Sak 27/08 Eventuelt.

Neste møte i Avlsrådet vert eit telefonmøte tysdag 1.juli kl.09:00.